



Mykje koseleg lesnad på den nye heimesida til Frode Sæbø.

Uskedelingen Frode Sæbø(60) som bur i Korsnes har no publisert ei ny heimeside med historier og bilete frå barndomsbygda si, Sæbøvik. Tittel på sida er Liv og røre i Sæbøvik. Historiane er frå nær fortid og er av stor interesse for alle som har ei viss tilknytning til Halsnøy, også mange uskedelingar.

- Nåtida er vel kjent frå andre media. Her vil eg ta dåke med på ei reise til tida nett før pc, mobiltelefon og padder vart ein del av kvardagen vår, skriv Frode Sæbø i innleiingsordet.

Sæbø har fordelt historiane under 7 ulike faner: Livet på kaiane, Hest og veps, No. 13, Båtar frå Halsnøy, Røysabruket, Larsstøbruket og Fiskehistoriar. Sæbø har ei svært god forteljarform, og sjølv om historiane er av svært lokal karakter, er det svært koseleg lesnad, også for andre enn dei som kjenner att personane og stadene i det som vert fortalt. Allereie ved lanseringa er samlinga fyldig og god, men Sæbø lovar at han har mange kjekke historier å supplera med.

Historiane er også av svært stor kulturhistorisk verdi, og det slår meg: Kunne vi fått til noko liknande med Uskedalshistoriar?

[Heimeida finn de ved å klikka inn her.](#)

– Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto frå heimesida.